



Handlingsplan 2022

Avdeling kultur, idrett og inkludering

Innhold

Handlingsplan 2022	3
1. Kultur som samfunnsutviklar	4
2. Kultur for alle. Inkludering og integrering. Mangfold og fellesskap	7
4. Verdiskaping	9
5. Infrastruktur for kultur, idrett og frivillig verksemd	10
6. Produksjon, formidling og deltaking i kultur, idrett og frivillig verksemd	14
7. Kultur- og naturarven.....	16
1. Vedlegg – mål	18

Handlingsplan 2022

2022 vert eit utfordrande og spennande kulturår i Vestland. Parallelt med å halde oppe forventna aktivitet er fylkeskommunen i samarbeid med kommunane og sivilsamfunnet midt i prosessen med å utarbeide regional plan for kultur for Vestland. Ambisjonen er ein prosess som mobiliserer breitt, og viser kulturen samfunnsskapande kraft. Utover dette er det målet vårt at fylkeskommunen si kultursatsing vert oppfatta som sentral, viktig og relevant.

Handlingsplanen viser avdeling kultur, idrett og inkludering sine innsatsområde i 2021. Vi har delt arbeidet inn i 7 hovudgrupper, der kvar av dei har satsingar, mål og tiltak som fylkeskommunen skal gjennomføre.

Handlingsplanen er basert på dei to gjeldande regionale kulturplanane i Hordaland og Sogn og Fjordane. Desse gjeld i sine respektive geografiske områder til regional plan for kultur i Vestland er vedteke. I tillegg er handlingsprogrammet for vedteke temaplan Anleggspolitikk og kriterium for tildeling av spelemidlar 2020 –2024 innarbeidd i handlingsplanen. To strategiar som er vedteke i 2021; Frivilligstrategi og E-sportstrategi, er også innarbeidd i handlingsplanen.

Handlingsplanen er utarbeidd med føringar frå vedteken utviklingsplan for Vestland, og nye oppgåver frå 2020.



1. Kultur som samfunnsutviklar

Satsing:	Kulturregion Vestlandet	Utv.plan	Ansvar
<i>Mål</i>	<i>Gjennom samarbeid og profilering skal Vestland styrkast som kulturregion.</i>	1	
Satsing:	Demokrati og kulturkritikk	Utv.plan	
<i>Mål</i>	<i>Fremje evna til å sette viktige tema i samfunnet under debatt.</i>	1.4	
Tiltak	Relevante tema innan kultur vert handsama i ny regional plan for kultur.		FDIR
Tiltak	Hovudutval for kultur, idrett og integrering vert orientert om utfordringar og utviklingstrekk i kultur, idrett og frivillig verksemd i Vestland og set debatt regionalt og nasjonalt.		FDIR
Tiltak	Utvikle og støtte arenaer, miljø og tiltak som fremjar kritisk tenking og offentleg samtale.		BU, KF, KKU
<i>Mål</i>	<i>Alle grupper og enkeltindivid i samfunnet skal ha tilgang til dokumentasjon som sikrar rettstryggleik, identitet og kunnskap om fortida.</i>	3.3	
Tiltak	Arbeide for at den samla samfunnsdokumentasjonen i regionen vert tatt vare på og formidla.		ARK
Tiltak	Styrke det lokalhistoriske arbeidet som ein identitetsskapande ressurs i lokalsamfunna.		ARK
Satsing:	Samhandling mellom forvaltningsnivåa	Utv.plan	
<i>Mål</i>	<i>God samhandling mellom forvaltningsnivåa, med vekt på dialog og felles ressursutnytting.</i>	<i>FN BK mål nr 17</i>	
Tiltak	Årlege drøftingsmøte om budsjett- og forvaltningsspørsmål mellom stat, fylkeskommune og aktuelle kommunar.		FDIR
Tiltak	Utvikle tenlege plattformer for dialog, nettverk, samarbeid og kompetanse. Kommunane vert prioritert.		ISA
Tiltak	Fremje samordning av statlege, regionale og kommunale verkemiddel. Felles rapporteringssystem for driftstilskot, initiere samarbeid med stat.		ISA
Satsing:	Regional dialog	Utv.plan	
<i>Mål</i>	<i>Vestland fylkeskommune skal ta ansvar for dialogen innan kultur, idrett og frivillig verksemd i regionen, mellom forvaltningsnivå og mellom regionale aktørar.</i>	<i>FN BK mål nr 17</i>	
Tiltak	Årlege drøftingsmøte med regionale tilskotsmottakarar		FDIR
Tiltak	Sak om framtidig organisering og samarbeid mellom dei kommunale arkivinstitusjonane i Vestland fylke.		ARK
Tiltak	Følgje opp nasjonale mål innan kulturfeltet.		FDIR
Satsing:	Biblioteka som uavhengig møteplass og arena for offentleg debatt	Utv.plan	
<i>Mål</i>	<i>Folkebiblioteka skal vere arenaer for kulturopplevingar, offentleg samtale og debatt for alle. Tal på arrangement og besøk i biblioteka skal aukast.</i>	3.3, 3.1.	
Tiltak	Vidareutvikle biblioteka som møtestader for menneske med ulik kulturell- og sosial bakgrunn.		BU
Tiltak	Utvikle og profesjonalisere biblioteka som arrangements- og debattarenaer med høg kvalitet.		BU

Tiltak	Marknadsføre og profilere tilboda og styrke omdømebygging av biblioteka.		BU
Tiltak	Vidareutvikle biblioteka som møteplass og arena for formidling, læring og offentlig samtale gjennom eit breitt utval av arrangement, tilrettelegging av biblioteklokala, samlingsutvikling og kompetanseheving.		BU
Satsing:	Internasjonalisering	Utv.plan	
<i>Mål:</i>	<i>Vestland skal vere ein open og utoverretta kulturregion, der utvikling og utveksling av kompetanse og kulturuttrykk står sentralt.</i>	1.4	
Tiltak	Delta i ERASMUS+ prosjekt innan vaksenopplæring på integreringsfeltet.		ISA
Tiltak	Støtte internasjonalt samarbeid og utveksling av kulturaktørar og kunstnarar.		BU/KKU
Tiltak	Informere og rettleie om internasjonale program og støtteordningar.		KKU
Tiltak	Erasmus+. Utlysing av støtte til kultur- og bibliotektilsette.		BU/KKU
Satsing:	Verkemiddel og støtteordningar	Utv.plan	
<i>Mål</i>	<i>Det skal vere god samordning av verkemidla frå ulike forvaltningsnivå. Fylkeskommunale verkemiddel og støtteordningar skal vere innretta etter vedtatte regionalpolitiske mål, ha føreseielege kriterium og ta omsyn til kulturlivet sine behov.</i>	FN, 17 1.4	KKU
Satsing:	Kompetanse	Utv.plan	
<i>Mål</i>	<i>Vestland skal vere kjenneteikna av kunnskapsbasert forvaltning og høg kompetanse på kulturfeltet.</i>	1.4	
Tiltak	Dokumentere og formidle status for kulturfeltet i Vestland.		ISA/KKU
Tiltak	Dokumentere og formidle status for inkluderingsfeltet i Vestland.		ISA
Tiltak	Rettleie kommunane i kvalifiseringsarbeid for innvandrarar.		ISA
Tiltak	Stimulere til kompetanseutvikling innanfor offentlig kulturforvaltning og innan kultur-, idrett og friluftslivsektoren.		KKU/Alle
Tiltak	Legge til rette for kompetanseheving innan idrett, fysisk aktivitet, anleggsutvikling og friluftsliv gjennom nettverk, konferansar, kurs m.m.		IF
<i>Mål</i>	<i>Bibliotekpersonale skal ha den kompetansen som er naudsynt for å nå mål, møte nye utfordringar og levere gode tenester til innbyggjarane.</i>	1.4	
Tiltak	Kartlegge behov, og utarbeide og gjennomføre planar for systematisk kompetanseutvikling av bibliotektilsette.		BU
Tiltak	Vidareutvikle biblioteksamarbeida i fylket til å fungere som fellesskap for fagleg utvikling gjennom kunnskaps- og kompetansedeling.		BU
Tiltak	Heve kompetansen på organisering, drift og utvikling av bibliotek gjennom å tilby leiaropplæring for biblioteksjefar i fylket.		BU
Satsing:	Planlegging	Utv.plan	

<i>Mål</i>	<i>Styrkje kultursatsinga i planarbeidet i fylkeskommunen og kommunane.</i>	1.4, 4.1	
Tiltak	Utarbeide regional plan for kultur, idrett og friluftsliv i Vestland. Inkluderings /integreringsperspektivet er inkludert		FDIR
Tiltak	Delta aktivt i utarbeiding av regionale planar i Vestland med fokus på å sikre kultur, idretts-, inkluderings- og integreringsperspektivet		ISA KKU
Tiltak	Styrke kultur, idrett, inkluderings- og integreringsperspektivet som plantema i overordna kommunale planar.		ISA/KKU
Tiltak	Regional og kommunal planlegging skal legge til rette for at areal, infrastruktur og anlegg gjer det lettare å vere i fysisk aktivitet.		IF
Tiltak	Alle kommunar skal utarbeide og følge opp plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Fylkeskommunen tilbyr planmøter med involvering på tvers av sektorar. Jobbe med modell for revisjonsmøter.		IF
Satsing:	Nettverk og møteplassar på tvers	Utv.plan	
<i>Mål</i>	<i>Etablere systematisk samarbeid mellom regionale frivillige og offentlege aktørar, kommunane, fylkeskommunen og institusjonane om utvikling av tilbod som sikrar at alle på tvers av alder, funksjonsnivå og bakgrunn kan delta.</i>	4.1	
Tiltak	Gjennomføre årleg kulturkonferanse med aktuelle kulturpolitiske tema som ein arena for å byggje kompetanse.		FDIR
Tiltak	Følgje opp mål og tiltak i strategi for frivillig sektor i Vestland 2021-2022. Halde fram samarbeidet i ressursgruppa for frivillig sektor.		KKU
<i>Mål</i>	<i>Gjennomføre årlege dialogmøte og samhandlingstiltak mellom kommunane, frivillig sektor/organisasjonane, institusjonar.</i>	1.4, FN 17	
Tiltak	Invitere til dialogmøte mellom kommunar, frivillig sektor og dei profesjonelle kunst- og kulturinstitusjonane.		KKU

2. Kultur for alle. Inkludering og integrering. Mangfold og fellesskap

Satsing:	Deltaking	Utv.plan	Ansvar
Mål	Arbeide for at alle skal ha høve til å delta i kulturaktivitetar uavhengig av sosial og kulturell bakgrunn, funksjonsnivå og alder.	3.1, 4.1,	
Tiltak	Deltaking for alle er eit sentralt fokus innan DKSS, UKM, Kultur og helse, DKS, festivalsamarbeid og muskarordningane.		KF
Mål	Stimulere til mangfold i demokratiske prosessar gjennom arbeid med ungdomsråd/ungdommens kommunestyre, innvandrarråd, råd for menneske med nedsett funksjonsevne og eldreråd.	4.1, 4.2	
Tiltak	Innvandrarråd – avklare og utvikle samhandling med Vestland innvandrarråd		ISA
Tiltak	Etablere KIS - Kontaktutval mellom innvandrarakar og styresmaktene i Vestland på nytt.		ISA
Tiltak	Arbeide for å etablere eit mangfoldsperspektiv i alle råd sitt arbeid.		ISA
Mål	Sikre økonomiske verkemiddel for å gi tilgang til kulturaktivitetar for alle gjennom låge kostnader for deltaking, sponsa billetter / deltakaravgifter, følgjekortordning, utlånsordningar for utstyr til kulturaktivitetar, idrett og friluftsliv m.m.	4.3	
Tiltak	Oppretthalde fylkeskvota – distriktsmuskarordninga		KF/KKU
Mål	Legge til rette for kompetanseheving og informasjonsutveksling for tilsette og frivillige som jobbar med kulturelle ressursar og verdiskaping.	4.3	
Tiltak	Legge til rette for og stimulere til tilrettelegging og tiltak som senker tersklar for å delta i kultur- og samfunnsliv.		KKU
Satsing:	Digital allmenning	Utv.plan	
Mål:	Digitale arenaer på kultur- og idrettsfeltet skal utviklast slik at dei er tilgjengelege og tilrettelagt for alle.	3.3, 4.1	
Tiltak	Utvikle gode digitale formidlingsløysingar.		ARK
Tiltak	Legge til rette for at dei immaterielle kulturminna vert bevart, digitalisert og gjort tilgjengelege på nett.		ARK
Tiltak	Legge til rette for tilgjengeleggjing på brukarane sine premissar.		ARK
Tiltak	Utvikle kompetanse om rettar og publisering på nett.		KF/ARK/BU
Satsing:	Inkludering	Utv.plan	
Mål	Vestland fylke skal være et inkluderande og mangfaldig samfunn, som er godt å leve i.	1.3	
Mål	Kulturlivet i Vestland skal vere prega av mangfold, likeverd og likestilling.	4, 3.1	
Tiltak	Styrke mangfaldet i aktivitet og deltaking for grupper som treng særskild tilrettelegging. Fokus på dei som ikkje deltek, og å førebygge negativ sosial kontroll.		ISA/ BU/ KKU
Tiltak	Mangfold, inkludering og integreringsperspektiv ver t innarbeidd i eksisterande planar og nye planar.		ISA
Tiltak	Arbeide fram nettverk for kommunane og frivillig sektor med tema inkludering (minoritetsspråklege, menneske med nedsett funksjonsevne, på tvers av generasjonane, m.m.).		ISA/KKU

Tiltak	Kartlegge kultursektoren sine verktøy for å kunne medverke til integrering av minoritetsspråklege innbyggjarar.		ISA/BU/ KKU
Tiltak	Arbeide med inkludering i bibliotek.		BU
Satsing:	Busetting	Utv.plan	
Mål	Arbeide målretta for at ein skal busette flyktningar der det er føresetnader for å bli fortare og betre integrert gjennom arbeid og utdanning.	1.3 og 4.3	
Tiltak	Gå gjennom og gi innspel på kriteria for busetjing av flyktningar i kommunane med mål om forbetre nasjonale kriterium og prosessen fram mot busetjing.		ISA
Tiltak	Samarbeid på tvers internt og eksternt, m.a. for å ha oversikt over kommunane sin kapasitet innan næring og opplæring.		ISA
Satsing:	Kvalifisering	Utv.plan	
Mål	Rettleie og heve kommunane sin kompetanse i deira kvalifiserande arbeid for å få fleire flyktningar i arbeid eller utdanning	1.3, 4.3	
Tiltak	Bidra til god og målretta karriererettleiing.		ISA
Tiltak	Oppfølging og rettleiing av kommunane innan kvalifisering.		ISA
Tiltak	Analysere suksessfaktorar og dele idear med kommunane.		ISA
Tiltak	Samarbeid med sektorstyresmaktene på regionalt nivå m.a. gjennom kompetanseforum Vestland.		ISA
Mål	Synleggjere integreringsutfordringane i samfunnet	1.3, 4	
Tiltak	Etablere utviklingsmål og samarbeid på tvers av regional sektor og kommunane gjennom tiltak som: <ul style="list-style-type: none"> • Norsk for framandspråklege • Bustad for velferd • Antirasistisk sone 		ISA
Satsing:	Tvangsekteskap og kjønnslemlesting	Utv.plan	
Mål	Førebygge negativ sosial kontroll, tvangsekteskap og kjønnslemlesting.	4.1	
Tiltak	Samarbeid internt og eksternt, og kompetansedeling m.a. med: <ul style="list-style-type: none"> • minoritetsrådgjevarar i vidaregåande skule • RVTS Vest (Ressurssenter om vald, traumatisk stress og sjølvmondsførebygging). 		ISA
Satsing:	Kultur og helse	Utv.plan	
Mål	Sjå og fremme kultur- og helseperspektivet i planprosessar.	1.4, 4.3	
Tiltak	Delta i relevante fora som Polyfon.		KF
Mål	Skape rammer for kultursatsing i helse- og omsorgssektoren.	1.4	
Tiltak	Utvikle samarbeid mellom kommunane, profesjonell og frivillig sektor om musikkterapi, kunst- og kulturtilbod på institusjonane.		KF
Satsing:	Universell utforming	Utv.plan	
Mål	Arbeide for at tilgjenge for alle og universell utforming vert eit gjennomgåande perspektiv i alt arbeid med kunst og kultur, i tilbod, aktivitetar, utemiljø og bygg.	3.1, 3.3, 4.2	
Tiltak	Universell utforming som tema på relevante konferansar innan kultur, idrett og inkludering.		IF/KKU
Tiltak	Initiere og støtte tiltak som senker tersklane for å nytte kultur- og idrettstilbod.		KKU
Tiltak	Bidra til ordningar som legg til rette for aktiv deltaking for utvalde grupper		Alle

3. Nynorsk

Satsing:	Nynorsk	Utv.plan	Ansvar
Mål	Nynorsk er eit berande element i vestlandskulturen. Vi ønsker å styrke nynorsk som kvardagsspråk og kunstspråk.	1.4	
Tiltak	Halde fram med å vere ei drivande kraft i forumet «Nynorskfylket», og vidareføre dette.		KKU
Tiltak	Auke delen av nynorskproduksjonar i kunst- og kulturformidlinga i skulen.		KF/BU
Tiltak	Støtte opp under og vidareutvikle tydelege nynorskinstitusjonar.		KKU
Tiltak	Initiere og vidareføre samarbeid og tiltak som gjeld produksjon og formidling av nynorsk litteratur, med særleg vekt på formidling til barn og unge.		BU/KKU
Tiltak	Gjennomføre tiltak som aukar leseugleiken til barn og unge, og særleg gutar.		BU

4. Verdiskaping

Satsing:	Kulturbasert næringsutvikling	Utv.plan	Ansvar
Mål	Kulturbasert næringsutvikling skal styrke verdiskapinga i og rundt kultursektoren, og auke attraktivitet og bulyst. Kulturnæringane skal vere ein viktig del av komplette verdikjeder. Kulturell og kreativ næring skal ha tilgang til næringspolitiske verkemiddel og støtteordningar, på lik linje med andre næringar.	1.2, 1.3	
Tiltak	Samarbeide med, og støtte opp om, regionale bransjetiltak som nettverk og kompetanseorgan på kunstfeltet.		KKU
Tiltak	Tiltak som gjer kulturaktivitetar tilgjengelege som komponentar i reiselivsproduktet, både for eiga lønsemd, og for å heve kvaliteten i reiselivsproduktet.		KKU
Tiltak	Styrke kulturminnevernet som grunnlag for verdiskaping.		ARV
Tiltak	Utvikle verdsarven som ressurs for reiseliv og friluftsopplevingar.		ARV
Tiltak	Styrke drifta av regionalparkane i Vestland.		ARV

5. Infrastruktur for kultur, idrett og frivillig verksemd

Satsing:	Tilskot	Utv.plan	Ansvar
Mål	Styrke innvandrar sin moglegheit til arbeid og utdanning	1.3	
Tiltak	Styrke moglegheitene til arbeid og utdanning gjennom tilskotsordningar for etablerarar og mentor-/ traineeordning.		ISA
Satsing:	Arenautvikling – infrastruktur	Utv.plan	
Mål	Vestland skal ha god dekning av kultur- og idrettsarenaer som er tilgjengelege for alle, og som legg til rette for aktivitet og oppleving. Kulturpolitikken skal legge til rette for tilgangen til både regionale og lokale kultur- og idrettsanlegg, kulturminne, kyrkje, kulturlandskap og aktivitetsområde for friluftsliv.	2.2, 3.1, 3.3, 4.1, 4.2, 4.3	
Tiltak	Arbeide for at det vert lagt til rette for gode kollektivtilbod for brei deltaking i kultur- frivillig- og idrettsaktivitet.		Alle
Tiltak	Vidareutvikle gode modellar for sambygging/samdrift av kyrkje, skule, kultur- og idrettsarenaer, som gode møteplassar tilrettelagde for all slags kulturaktivitet.		KKU
Tiltak	Støtte oppgradering av eksisterande kulturbygg i lokalsamfunnet.		KKU
Tiltak	Arbeide for at større del av spelemiddeloverskotet går til å ruste opp, modernisere og utvikle kulturbygg.		KKU
Tiltak	Vidareføre støtteordning for tilskot til kulturarenaer med regionale funksjonar med fylkeskommunale midlar. Prioritere spelemidlane til kulturbygg til dei lokale kulturbygga.		KKU
Tiltak	Styrke kompetanse, kartlegging og kartfesting av kulturhusa, og heve kompetansen for eigarar av lokale kulturbygg.		KKU
Tiltak	Ta i bruk digitale løysingar og vurdere grunnlag for digitale basar som kan brukast av ulike aktørar/prosjekt for å knyte saman immaterielle/materielle kulturminne og natur/friluftsliv, og motivere til meir fysisk aktivitet.		ARK
Tiltak	Fullføre dagsturhytteprosjektet i alle kommunane i Vestland.		IF
Tiltak	Medverke til etablering av nynorske bibliotek i nye dagsturhytter.		BU
Tiltak	<p>Friluftslivets ferdselsårer</p> <ul style="list-style-type: none"> • Ferdigstille arbeidet med kartlegging og verdsetting av friluftsområde i alle kommunane. • Følge opp kommunane sitt arbeid med plan for friluftslivets ferdselsårer • Kartlegging av UU i friluftsområde • Paddleled i Vestland • Stisykling i Vestland • Besøksforvaltning, kulturformidling – samhandling på tvers 		IF
Tiltak	<p>Investeringsstilskot til anlegg</p> <ul style="list-style-type: none"> • arena for større nasjonale og internasjonale meisterskap • til kommunar som ikkje har idrettshall og/eller symjehall 		IF
Satsing:	Frivillig sektor /Frivillig arbeid	Utv.plan	
Mål	Det frivillige kulturlivet skal ha gode og føreseielege rammevilkår, vere mangfaldig, arbeide fritt og sjølvstendig og vere tilgjengeleg for alle.	4.1	

Tiltak	Styrke frivillig sektor sin plass i kommunal og regional planlegging, m.a. ved å få på plass frivilligplattformer i kommunane og fylkeskommunen.		KKU/IF
Tiltak	Markering av Frivilligåret 2022 gjennom frivilligkonferanse, frivilligpris og formidlingsarbeid.		KKU
Tiltak	Utvikle og støtte møteplassar og samarbeidsmodellar der frivillige organisasjonar kan auke kompetansen, utvikle nettverk og samarbeide med offentleg sektor.		KKU/IF/ ARK
Tiltak	Legge forholda til rette for samarbeid mellom amatørkulturfeltet og det profesjonelle kunst- og kulturlivet.		KKU
Tiltak	Legge forholda til rette for effektiv og tilpassa utnytting av arenaer og kulturhus.		KKU
Tiltak	Støtte opp under tiltak som bidreg til at fleire kan delta i kulturlivet.		KKU
Satsing:	Tilgang til moderne og attraktive bibliotek	Utv.plan	
Mål	Innbyggjarane i Vestland skal møte moderne og attraktive bibliotek i kvart regionscenter, kommunesenter (bydelssenter i Bergen), lokalsenter og nærsenter.	3.2, 3.3	
Tiltak	Støtte modellbibliotek, fornying av biblioteklokale, «meiropne» bibliotek og nye bibliotekbussar.		BU
Tiltak	Styrke og synleggjere biblioteket si rolle i lokalsamfunnet gjennom vidareutvikling av dei regionale biblioteksamarbeida, rådgjeving, kompetanseheving og prosjektsamarbeid.		BU
Mål	Barn og unge skal ha tilgang til gode skulebibliotek.	4.3	
Tiltak	Styrke biblioteka i grunnskulen og vidaregåande opplæring gjennom kartlegging, planarbeid, kompetanseheving, fellestilltak.		BU
Mål	Barn og unge skal ha tilgang til bibliotek som er ein stad for læring, oppleving og fantasi.	4.3	
Tiltak	Styrke samarbeidet mellom biblioteka og barnehagane.		BU
Mål	Å styrke og utvikle forpliktande biblioteksamarbeid skal gi innbyggjarane i Vestland eit betre bibliotektilbod.	3.2	
Tiltak	Vidareføre og utvikle partnarskapsavtalane med regionale biblioteksamarbeid.		BU
Tiltak	Vidareutvikle felles biblioteknettstader som samlingspunkt for litteraturformidling, kunnskapsbasar og kommunikasjon.		BU
Satsing:	Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv	Utv.plan	
Mål	Visjonen for fagområdet fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv er «Fysisk Aktiv Kvar Dag». Målet er at alle skal kunne vere aktive etter eigne ønske og føresetnader på allment tilgjengelege område i naturen og i anlegg i deira nærmiljø. Anleggsutviklinga skal bidra til å skape attraktive lokalsamfunn.	3.1, 4.1	
	Idrett		
Tiltak	Utvikle attraktive skuleområde for fysisk aktivitet på barne- og ungdomsskular.		IF
Tiltak	Mobilisere og støtte kommunar og organisasjonar til ei berekraftig anleggsutvikling (bygging og drift).		IF
Tiltak	Skape meir miljøvenlege idrettsdekke ved kompetanseutvikling, utprøving av nye materiale og betre tilrettelegging for avrenning frå anlegga.		IF
Tiltak	Anleggsregisteret må vere oppdatert for å få utbetalt spelemidlar. Synfaring på anlegg som har fått tildelt spelemidlar som grunnlag for rapport om bruk og vedlikehald.		IF
Tiltak	Nyskapande aktivitetsarenaer.		IF

Tiltak	Vidareføre dopingførebyggjande arbeid i vidaregåande skular i heile Vestland.		IF
Tiltak	Legge til rette for at unge lovande idrettsutøvarar og toppidrettsutøvarar får utvikle seg i lokalmiljøa /regionen gjennom tildeling av 7 utviklingsstipend.		IF
Tiltak	Bidra til fleire nasjonale og internasjonale arrangement i Vestland gjennom m.a. kompetanseutvikling, arrangementsstøtte og utarbeiding av regional arrangementsstrategi .		IF
Tiltak	Bidra til å kartlegge status, samordne innsats, kompetanseutvikling, stimulere til lokal infrastruktur / møteplassar og oppfølging av regional e-sport/gaming (spel)strategi.		IF
	Friluftsliv		
Tiltak	Sikre, opparbeide og drifte friluftsområde i nærleiken av bustad-område i tettstadar og byar.		IF
Tiltak	Forvaltningsplanar for alle sikra friluftsområde i Vestland.		IF
Tiltak	Vidareutvikle Vestkystparken.		IF
Tiltak	Vidareføre satsinga mot at alle kommunar skal vere medlem av eit friluftsråd.		IF
Tiltak	Kvalitetssjekkning og ajourføring av friluftslivsmodulen av Naturbasen.		IF
Tiltak	Informere om allemannsretten, inkludert rettar og plikter som følger av denne.		IF
Tiltak	Forvaltninga av staten sitt eigarskap av statleg sikra friluftslivsområder.		IF

6. Produksjon, formidling og deltaking i kultur, idrett og frivillig verksemd

Satsing:	Deltaking	Utv.plan	Ansvar
Mål	Etablere ordningar som sikrar at barn og unge får høve til å delta i kulturaktivitetar frå tidleg alder uavhengig av sosial bakgrunn.	4.1, 4.3	
Tiltak	Inkludere barn og unge i planleggingsprosessar. Utarbeide kunnskapsgrunnlag om barn og unge sin kulturbruk, få til tettare tverrfagleg samarbeid mellom oppvekst- og fritidsfeltet	4	ISA /KF
Tiltak	Sikre eit variert tilbod om opplæring innan ulike kulturuttrykk for barn og unge, m.a. gjennom satsing på kulturskulane, Dans utan grenser, talentutviklingsprogram, frivillige organisasjonar, DKS og UKM.		KF/KKU
Tiltak	Leggje til rette for å hjelpe fram unge talent.		KF
Satsing:	Vegen inn i kunst- og kulturlivet	Utv.plan	
Mål	Vegen inn i kunst- og kulturlivet for barn og unge skal ha høg kvalitet og solid struktur på alle nivå. Alle barn skal ha høve til å ta del i og oppleve kunst og kulturuttrykk.	4.3	
Tiltak	Støtte opp om kunst- og kulturinstitusjonane sitt fokus på ungdom som publikum og kulturbrukarar.		KF/KKU
Tiltak	Styrke det regionale samordnings- og utviklingsperspektivet for kulturskulane.		KF/KKU
Tiltak	Stimulere kunstformidlinga i fylket gjennom nettverk og fagmiljø på tvers av kommunane.		KKU
Tiltak	Styrke talentutvikling i Vestland.		KF/KKU
Satsing:	Kunstløft - det profesjonelle kunstfeltet	Utv.plan	
Mål	Vilkåra for kunstproduksjon, visning/framføring og formidling av kunst i heile fylket skal styrkast. Regionen skal ha eit berekraftig og levande kunstliv med komplette verdikjeder.	1.4, 4.3	
Tiltak	Institusjonane: Systematisk og målretta styrking i høve drift, investering og infrastruktur.		KKU
Tiltak	Det frie feltet: Styrke vilkåra for kunstproduksjon gjennom tiltak for kunstnarar, prosjekt og produksjonslokale, med utgangspunkt i eigenarten til den einskilde kunstform.		KKU
Tiltak	Kunstproduksjon: Støtte og legge til rette for synergieffektar og kompetanseoverføring mellom etablerte institusjonar og det frie feltet.		KKU
Tiltak	Formidling; styrke kunsttilbodet og arrangørkompetansen i fylket ved kompetanseutveksling og samarbeid mellom større institusjonar og mindre miljø.		KKU/KF
Satsing:	Frivillig kultur	Utv.plan	
Mål	Arbeide med frivillig kulturliv for å fremme integrering og aktiv samfunnsdeltaking.	4.1	
Tiltak	Kartlegging og samarbeid.		ISA
Satsing:	Digitale ressursar – tilgang, brukarmedverknad og nyskaping	Utv.plan	
Mål	Biblioteka i Vestland skal gi innbyggjarane lik tilgang til aktuelle og relevante digitale ressursar, utstyr og hjelp til å nytte dei. Biblioteka skal utvikle nye tilbod i dialog med brukarane.	3.3, 4.1	

Tiltak	Legge til rette for at biblioteka kan vere med på å utjamne skilnader i digital deltaking.		BU
Tiltak	Styrke deling av aktuelle og relevante digitale ressursar.		BU
Tiltak	Vidareutvikle biblioteka sine nettsider for å auke tilgangen til biblioteka sine tenester og yte betre service til innbyggarane.		BU
Tiltak	Vidareføre og styrkje satsinga på digital formidling (elektroniske bøker og tidsskrift, regionale og nasjonale digitale ressursar).		BU
Satsing:	Lesing og formidling av litteratur	Utv.plan	
Mål	Biblioteka skal fremme leseugleik. Biblioteka skal drive aktiv formidling og tilby samlingar med kvalitet, aktualitet og breidde.	4.3	
Tiltak	Gjennomføre program og kampanjar for å auke lesekompetansen til ulike målgrupper.		BU
Tiltak	Drive aktiv kunnskaps- og litteraturformidling av høg kvalitet i det fysiske og digitale bibliotekrommet.		BU
Tiltak	Utvikle og oppdatere samlingane på biblioteka.		BU
Satsing:	Musikk	Utv.plan	
Mål	Utvikle godt samarbeid mellom kulturskulane og det frivillige musikklivet.	4.3	
Tiltak	Få til varierte opplæringstilbod innan ulike musikksganrar.		KF/KKU
Tiltak	Sikre profesjonelle musikktilbod i heile fylket.		KF/KKU
Mål	Det skal vere eit godt musikkliv i heile fylket, både profesjonelt og frivillig.	4.3	
Tiltak	Styrke dei profesjonelle institusjonane og arrangørane.		KKU
Tiltak	Sikre profesjonelle musikktilbod i heile fylket, m.a. ved styrke lokale arrangørar og legge til rette for jamlege besøk av større profesjonelle orkester og utøvarar.		KKU
Tiltak	Sikre gode rammevilkår for eit variert festivaltilbod i fylket, og vidareføre arbeidet med festivalstrategi.		KKU
Tiltak	Bygge vidare på gode tradisjonar og styrke folkemusikken og -dansen i fylket.		KKU
Tiltak	Bidra til å styrke nettverk og kompetanse i det frivillige musikklivet.		KKU
Satsing:	Scenekunst	Utv.plan	
Mål	Styrke og utvikle scenekunstfeltet både innan produksjon og formidling.	4.3	
Tiltak	Arbeide for varierte teater- og dansetilbod i heile fylket.		KKU
Tiltak	Legge til rette for, og oppmuntre samarbeid mellom, profesjonelle og amatørar/frivillig sektor.		KKU
Tiltak	Oppretthalde eit godt utdanningstilbod innan musikk, dans og drama, og stimulere til samarbeid mellom kulturskular, andre kulturaktørar og vidaregåande opplæring innan estetiske fag.		KKU
Satsing:	Film	Utv.plan	
Mål	Det skal vere eit sterkt produksjonsmiljø for film i fylket.	4.3	
Tiltak	Styrke vilkåra for å produsere film i fylket.		KKU
Tiltak	Stimulere unge til å jobbe med og produsere film.		KKU
Tiltak	Samarbeide om å utvikle Vestland som lokasjon for filmminnspeling.		KKU
Satsing:	Litteratur	Utv.plan	
Mål	Det skal vere gode forhold for produksjon og formidling av litteratur i heile fylket.	4.3	
Tiltak	Styrke litteraturformidlingsarenaer og arenaer for offentleg samtale og debatt.		KKU, BU
Tiltak	Støtte opp under forfattarar og litterære miljø som vil styrke litteraturen sin plass i samfunnet.		KKU

Satsing:	Digital kulturformidling	Utv.plan	Ansvar
Mål	Synleggjere kunst, kultur og kulturarv frå fylket gjennom digitale kanalar nasjonalt og regionalt.	3.3	
Tiltak	Vidareutvikle digitale kulturhistoriske tenester, prosjekt og satsingar i Vestland gjennom fylkesarkivet sine webarkiv.		ARK
Tiltak	Utvikle tenlege plattformer for dialog, nettverk, samarbeid og kompetanse nasjonalt og regionalt.		ARK
Tiltak	Ta i bruk digitale løysingar og vurdere grunnlag for digitale basar som kan brukast av ulike aktørar/prosjekt for å knyte saman kultur og natur/friluftsliv, og motivere til meir fysisk aktivitet.		BU/ARK
Satsing:	Kulturformidling til barn og unge – DKS	Utv.plan	
Mål	Arbeide for å auke kontakten mellom kulturfeltet og skulane og integrere kunst- og kultur i skulane sine planar (DKS).	1.4, 4.3, 4.1	
Tiltak	Ta i vare elevmedverknad i alle ledd i DKS, frå produksjon og utveljing til gjennomføring og evaluering.		KF
Tiltak	Ha eit særskilt fokus på lokale utøvarar, institusjonar og kulturarenaer i arbeidet med DKS-programmet.		KF
Tiltak	Ha eit tett samarbeid med biblioteka, festivalar og andre tilbod i kommunane om turneane i DKS.		BU/KF
Tiltak	Vidareutvikle eit forpliktande arbeid i høve nynorskproduksjonar i DKS.		KF
Tiltak	Stimulere til utvikling av kunst- og kulturprogram for barn i barnehage, og bidra til språkleg tryggleik gjennom Kulturbarn.		KF
Tiltak	Samarbeide med det profesjonelle kunst- og kulturlivet, skulesektoren og Vestland ungdomsutval i arbeidet med DKS-programmet.		KF
Satsing:	Ung Kultur Møtest (UKM)	Utv.plan	
Mål	Vidareutvikle UKM som arrangement for ungdom i alderen (10) 13-20 i alle kommunane og på fylkesnivå.	4.3	
Tiltak	Sikre fagleg oppdatering av kommunane gjennom nettverksarbeid og årleg fagsamling om ungdom.		KF
Tiltak	Utvikle UKM som møteplass for ungdom med ungdomsmedverknad i planlegging og gjennomføring. Vidareføre ressursgruppe med ungdom knytt til fylkesfestivalen.		KF
Satsing:	Kulturskulane	Utv.plan	
Mål	Styrke fylkeskommunen si rolle overfor kulturskulane ved å følge opp nasjonal avtale mellom kulturskulane, UKM og DKS på regionalt nivå.	1.4, 4.3	
Tiltak	Bidra til å styrke kulturskulane som arena for menneske med behov for tilrettelagt opplæring.		KF/KKU
Satsing:	Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv	Utv.plan	
Mål	Visjonen for fagområdet fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv er «Fysisk Aktiv Kvar Dag». Målet er at alle skal kunne vere aktive etter egne ønskje og føresetnader på allment tilgjengelege område i naturen og i anlegg i deira nærmiljø.	4.1, 4.3	
Tiltak	Utvikle eit breitt, inkluderande og variert aktivitetstilbod til barn og unge.		IF

7. Kultur- og naturarven

Satsing:	Dokumentasjon	Utv.plan	Ansvar
Mål	Styrke dokumentasjon for auka kunnskap om kulturminne og samanhengane dei er del av.	2.2, 3.3	
Tiltak	Gjere tilgjengeleg og formidle dokumentasjon av kulturminne.		ARV/ARK
Tiltak	Registrere regionale og nasjonale kulturhistoriske interesser i kulturmiljø i tettbygde og rurale strom.		ARV
Tiltak	Utarbeide oversikt over og kartfeste kulturmiljø av regional verdi. Lage ein plan for forvaltninga av desse.		ARV
Satsing:	Museumsløft	Utv.plan	
Mål	Museumsløftet skal styrke musea og vidareutvikle gjeldande satsingar. Musea skal utviklast som sterke kunnskapssenter og organisasjonar, og vere profilerte samfunnsaktørar som utviklar samfunnet med kunnskap om fortid, samtid og notid.	2.2	
Tiltak	Styrke musea i høve drift og investering.		ARV/KKU
Tiltak	Styrke fellestenester for musea i Vestland.		ARV
Tiltak	Bidra til berekraftig forvaltning av kulturhistoriske bygningar på musea.		ARV
Satsing:	Kulturminne som ressurs	Utv.plan	
Mål	Kulturminne og kulturlandskap som ressurs til kunnskap, opplevingar og bruk skal løftast fram.	2.2	
Tiltak	Styrke kulturarven som ressurs i stadutvikling og samfunnsplanlegging.		ARV
Tiltak	Utarbeide planar for skjøtsel og formidling av prioriterte kulturminne i alle kommunar.		ARV
Tiltak	Vidareutvikle kompetanse om vern gjennom bruk.		ARV
Tiltak	Nytte kulturarven som ressurs i arbeid med integrering, inkludering, folkehelse og verdiskaping.		ARV/ISA/IF/ARK
Satsing:	Utvalde kulturminnekategoriar	Utv.plan	
Mål	Kulturminnekategoriar der Vestland merkar seg ut skal gis særskild merksemd i planperioden.	1.4, 2.2	
Tiltak	Identifisere og skildre kulturmiljø av nasjonal og regional verdi i Vestland.		ARV
Tiltak	Prioritere utvalde kulturminnekategoriar der Vestland merker seg ut.		ARV
Satsing:	Verdsarv	Utv.plan	
Mål	Forvaltninga av verdsarven i Vestland skal ha lokal, regional og nasjonal forankring.	1.1, 2.2	
Tiltak	Bidra til etablering av verdsarvsentera knytt til Urnes, Bryggen og Vestnorsk fjordlandskap - Nærøyfjorden.		ARV
Tiltak	Utarbeide strategi for bevaring og formidling av Verdask dokumentarv i Vestland.		ARV
Satsing:	Lokalt kulturminnevern og museum	Utv.plan	
Mål	Nytte lokale kulturminneplanar aktivt i planlegging og som ressurs i lokalsamfunnsutviklinga.	2.2, 1.2	
Mål	Det lokale kulturminnevern- og museumsarbeidet skal styrkast.	2.2	
Tiltak	Vidareføre satsinga på kulturminne i kommunane.		ARV/ARK
Tiltak	Styrke ordninga med bygningsvernkonsulentar.		ARV
Tiltak	Styrke driftstilskotsordninga retta mot frivillig kulturminnevern.		ARV
Satsing:	Kulturmiljøforvaltning	Utv.plan	

Mål	Kulturminnevernet skal spegle nasjonal kulturminnepolitikk og finne tilpassa løysingar på regionale og lokale utfordringar.	1.2, 2.2	Ansvar
Tiltak	Prioritere oppdatering av kulturminnedatabasar og tilstandsregistrering av freda kulturminne.		ARV
Tiltak	Utvikling av nye metodar for arkeologisk registrering.		ARV
Tiltak	Ta i bruk Digisak som verktøy i dispensasjon- og tilskotshandsaminga.		ARV
Tiltak	Fremje gjenbruk av kulturminne i møte med klimautfordringane.		ARV
Satsing:	Tradisjonsuttrykk	Utv.plan	
Mål	Ein skal bevare og vidareutvikle tradisjonsuttrykka som ein del av eit levande kulturliv.	4.3	
Tiltak	Vidareføre satsinga på tradisjonsmusikk og –dans.		KF/ARK/ KKU
Tiltak	Utvikle regional læringsarena for tradisjonshandverk i høve vidaregåande skule og høgare utdanning.		ARV
Tiltak	Ivareta tradisjonsuttrykk i kystkulturen.		ARV
Tiltak	Utvikle fagskoleutdanning i maritime handverksverksfag knytt til Fagskulen i Vestland og Hardanger fartøyvernsester.		ARV
Satsing:	Lokalhistorisk arbeid	Utv.plan	
Mål	Styrke det lokalhistoriske arbeidet som ein identitetsskapande ressurs i lokalsamfunna.	3.3, 4.3	
Tiltak	Gjere lokalhistorisk innhald tilgjengeleg.		BU/ARK
Satsing:	Immaterielle kulturminne og heilskapleg samfunnsdokumentasjon (ARK)	Utv.plan	
Mål	Den samla samfunnsdokumentasjonen i Vestland blir tatt vare på og formidla.	1.4, 4.3	
Tiltak	Tilby rettleiing og tenester til lokale aktørar som frivillige organisasjonar, kommunar, museum, mfl. innanfor fagområda digital kulturformidling, offentlege arkiv, privatarkiv, stadnamn, fotobevaring og tradisjonsmusikk/-dans .		ARK
Tiltak	Utvikle bevaringsplan for privatarkiv i Vestland.		ARK
Mål	Avklare rolle og organisering av fylkesarkivet i Vestland.	1.4	
Tiltak	Utvikle tenlege organisatoriske løysingar for å bevare og formidle offentlege og private arkiv.		ARK
Tiltak	Syte for at avleveringsbehovet i kommunane; vert handtert. Arbeide med å etablere utvida arkivdepot.		ARK

1. Vedlegg – mål

Utviklingsplan Vestland

Mål 1 Leiande verdiskapingsfylke

- 1.1 minimere skadeverknad av korona
- 1.2 skap nye arbeidsplassar – omstilling, grøn konkurransekraft, entreprenørskap
- 1.3 framtidsretta og inkluderande arbeids- og næringsliv basert på fortrinn, forskning og innovasjon
- 1.4 moglegheiter i regionreforma og styrke det regionale folkestyret
 - Grøn konkurransekraft og entreprenørskap (1.2)
 - Forsking, innovasjon og internasjonalisering (1.3)
 - Vestland som leiande kulturregion (alle delmål)
 - Eit inkluderande arbeidsliv (1.2 og 1.3)
 - Digitale løysingar og sosialt entreprenørskap (1.2 og 1.3)
 - Styrke regionen (1.4)

Mål 2 Klima og miljø som premisser for samfunnsutvikling

- 2.1 pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp.
- 2.2 sikre infrastruktur og forvalte viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar.
- 2.3 bidra til å nå klima- og miljømåla gjennom offentlege innkjøp.
 - Eit premiss for samfunnsutvikling (alle delmål)
 - Brei innsats for eit nullutsleppssamfunn (2.1)
 - Klimatilpassing (alle delmål)
 - Balansert og planstyrt areal- og ressursforvaltning (2.2)
 - Det offentlege skal mobilisere til ansvarlege innkjøp (2.3)

Mål 3 Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv

- 3.1 Menneskevenlege og levande lokalsamfunn
- 3.2 Bergen og dei regionale sentra er attraktive sentra, og drivkraft for utvikling
- 3.3 fysisk og digital infrastruktur som sikrar mobilitet og digitale tenester.
 - Gode levande lokalsamfunn (3.1)
 - Utbyggingsmønster og senterstruktur (3.2)
 - Bergen som drivkraft (3.2)
 - Trygg og miljøvenleg mobilitet (3.3)
 - Digital infrastruktur (3.3)

Mål 4 Like moglegheiter til å delta i verdiskaping

- 4.1 opne og inkluderande arenaer for deltaking i kultur, frivillig arbeid og sivilsamfunn.
- 4.2 inkluderande og aldersvenleg samfunn som grunnlag for verdiskaping.
- 4.3 sikre deltaking gjennom trygg oppvekst, utdanning og livslang læring.
 - Opne og inkluderande arenaer (4.1)
 - Berekraftig utvikling gjennom eit aldersvennleg samfunn (4.2)
 - Eigenverdi i kunst- og kulturliv (alle delmål)
 - Relevant opplæring basert på lokale fortrinn (4.3)

FN sitt berekraftsmål nr 17

Berekraftsmåla er globale, men løysingane er lokale. Fylkeskommunar og kommunar er nøkkelatørar for å bidra til å få utviklinga i ei meir berekraftig retning. Utfordringsbiletet krev ei omstilling av samfunnet. Mål 17, «Samarbeid for å nå måla», er løfta fram av FN som det målet som bidreg til å nå alle dei andre. Vi må styrke samarbeidet mellom privat og offentleg sektor, frivilligheit, kulturliv og innbyggjarar, og mellom ulike nivå innan offentleg forvaltning.



